



Til Osterøy kommune

Gjerstad 21.4.2023.

## Høyringsinnspel planprogram Kommunedelplan for kulturmiljø, Osterøy kommune.

Museumssenteret i Hordaland ser svært positivt på at Osterøy kommune no tek opp arbeidet med ein kommunedelplan for kulturmiljø.

Vi ser positivt på å vera referansegruppe for planarbeidet.

Planprogrammet speglar god forståing av breidde og tema innan feltet. Det er særleg positivt at det reflekterer samanhengen natur-kultur. Her vil vi peike på at

- Statsforvaltaren har kompetanse innan kulturavhengige naturtyper og bør brukast som ein kunnskapsressurs.
- Statlege føringar og lovverk: Her bør kanskje også Naturmangfaldslova vera med.
- Det er viktig å ha med seg samanhengen mellom ivaretaking av kulturminne og tap av bilogisk mangfald og klimaendringar. Dette gjeld dei kulturavhengige naturtypane, gamle kulturplanter, gamle norske husdyrrasar, driftsforma og heilskapen desse inngjekk i.
- Kunnskap frå fortida vil vera ein ressurs ifht tap av bilogisk mangfald og berekraft.
- Om planen skal reflektere samanhengen natur-kultur vil vi tilrå å bruke begrepet Biologisk kulturarv der det er relevant. Dette tenkjer vi som som samlenavn for til dømes gamle norske husdyrraser og kulturavhengige naturtyper. Gjeld også for einskilde objekt, til dømes freda gamle eiketre.

Vi ynskjer lukke til med planarbeidet og ser fram til eit godt samarbeide.

Med venleg

Solveig Jordal

Marit Adelsten Jensen

Avdelingsleiar Osterøy museum

Avdelingsleiar Havrå

**Postadresse:**  
Museumssenteret i Hordaland  
Salhusvegen 201  
5107 Salhus

**Besøksadresse:**  
Osterøy museum  
Gjerstad 44  
5282 Lørenvåg

**osteroymuseum@muho.no**  
**941 72 250 | 55 25 10 80 - 7**  
**Org. nr. 971 349 743**

Tekstlinje 1 | Osterøy museum | Havrå | Lyngørseleiret | Vestnorsk utvandringssenter | Bevaringstenestene |  
Kulturverntjenesta